

# Høringssvar til Forslag til ny byggteknisk forskrift (TEK17)

## Forslag til ny forskrift.

Rådet for funksjonshemma i Sykkylven kommune vil støtte seg til høringssvara til Hørselshemmedes Landsforbund (HLF) og råd for likestilling av funksjonshemma i Ørsta kommune.

Rådet for funksjonshemma i Sykkylven kommune har merknad:

### III. Bygningsdeler. § 12 – 13. Dør, port mv.

b) Dør internt i boenhet skal ha fri bredde på minimum **0,90 cm** (og ikkje 0,76 som det er foreslått).

c) Dør internt i byggverk med krav om universell utforming skal ha fri bredde på minimum 0,9 m. Dør til bad i overnattingsrom som er unntatt frå krav til universell utforming etter § 12-7 syvende ledd, skal ha fri bredde på minimum **0,90 cm** (og ikkje 0,76 m som er foreslått).

Råd for likestilling av funksjonshemma i Ørsta kommune si høyringsuttale er følgjande:

#### 1.1. Regjeringa har som mål eit universelt utforma samfunn

Erfaringar som funksjonshemma gjer kvar dag, gir ein kompetanse som samfunnet langt meir må takast i bruk i vurderingane og planlegginga enn det som blir gjort i dag.

Det er slått fast at TEK10 ikkje er god nok for universell utforming og gode løysingar. Tek17 må bli betre. Det offentlege har ansvar for at universell utforming i all planlegging frå bustadar til arbeidsplass, skule, privat og offentlig service. Planmynde må tilegne seg nødvendig kompetanse.

#### Minstestandard i Teknisk Forskrift blir standard i praksis

Vi har erfart at minstemål i TEK10 blir standard i byggesaker. Det er ingen rom for å vurdere gode løysingar utover minstestandard. Her er det "tunellsyn". Dette har skapt nye tersklar. Norge skal universelt utformast, Plan- og Bygningslova må gi nødvendig standard.

#### 1.2.2.1 Bustadbygningar

Rådet for funksjonshemma rår til at livssirkelen til funksjonshemma ikkje blir redusert, men at det skal bli enklare å bu og ta del i samfunnet og i fritidsaktivitetar.

#### Snusirkelen for rullestolar må ikkje reduserast

Det er berre to år sidan sist, og på nytt blir det foreslått å redusere snusirkel til 130 cm fordi små rullestolar kan klare det. Svært mange har elektriske rullestolar og det er ingen grunn til å stenge dei ute. I dag er kravet til snusirkel 150 cm og burde i mange samanhengar vere 160 cm. Forsking viser at fleire har behov for 180 cm.

Det finst levekårsundersøkingar (SILC 20-66 år/Difis innbyggerundersøking) som viser at 19% over 18 år har nedsett funksjonsevne og ingen veit kven som får det i framtida. Det kan også vere "far" som kan ha behov for rullator, eller at venner får barn og brukar barnevogn, eller at ein har behov for krykker permanent eller midlertidig, eller skal på reise med trillekoffert. Det kan gjelde ein sjølv, eller andre som du gjerne vil ha besøk av.

#### Badet - eit heilt sentralt rom for å kunne bu lengst mogleg heime

Den demografiske utviklinga inneber at langt fleire eldre må bu heime. Som døme er det krav til at toalettet kan vere 20 cm frå eine vegg. Dersom det er behov for assistanse, så er det vanskelege/umoglege arbeidsforhold for heimehjelpene. Plassering av toalettet litt lengre frå vegg, gjer det enklare. Røropplegg og inventar blir det same!

#### Trinnlaus tilkomst

Tilkomsten kan vere avgjerande om ein person kan bli buande i eigen bustad eller ikkje. 90% av bustadane oppfyller i dag ikkje krava til universell utforming. I TEK17 er det forslag om å redusere prosentdelen av

studentbustadar. Tvert i mot - den må aukast. Det er ikkje sikkert at "studentbustadar" for alltid vil vere "studentbustadar" - og å ekskludere besøkjande er ikkje inkludering. Talet på bustadar må ikkje reduserast til 20%, men vere 50% som i dag.

Det blir foreslått å fjerne bud eller oppbevaringsplass. Elevane bør vere aktive med sykling, utstyr til ski, brett, kvar skal dette oppbevarast?

### 1.2.2.2 Andre type byggverk

Funksjonshemma finst i alle aldrar og på alle samfunnsarena.

Det blir foreslått at kravet om minst eitt toalett i arbeidsbygningar skal opphevast. Finst der toalett, skal dette vere for alle!

### Heis

Breidde på heiser, her må kvalitetskrav frå Norges Handikapforbund bli gjeldande. Breidde på heis **må bli 160 cm.**

I TEK17 er måla på heis 110 cm x 200 cm. Erfaringar vi har er at slike heiser er blitt passert i bustadar/institusjonar der det kan vere aktuelt å ta med ei seng i heisa. 90 cm breidde på seng og plass til assistent på 20 cm? Det går ikkje. Å sende folk i heisa utan å kunne ta med assistent, skapar frykt!

Rullestolar kan ikkje snu og det er uheldig at mange må "rygge".

### Det er behov for nytenking og utvikling

Amfi, tribune og liknande må bli langt meir universelt utforma enn det ein opplever i dag. Stolar må ha armlene på kafear, kursrom og venterom. Amfi/tribune både inne og ute må få rampe slik at alle kan få sitte saman med familie/venner. Det er ikkje triveleg å alltid må sitte ved sida av, framom alle andre eller heilt bak.

Balkongar og terrasse - desse må vere for alle! Her er det kunnskap og god planlegging som skal til!

Utandørs stigning på rampe, her er det forslag om å gjere rampen brattare for brukarane. Rampe skal endrast frå 1:20 til 1:15. Dette må i så fall testast av rullestolbrukarane.

### Avslutting

Kr 100 000 skal kunne sparast per leilegheit dersom forslaga vert gjennomførde. Vi tillett oss å tvile på at dette kjem kjøpar til gode! Ved gjennomgang av høyringsnotatet synest det som om notatet er utarbeidd for å tekkjast næringskreftene i staden for å ta vare på og å skape likeverdige forhold for brukarar som har ei funksjonsnedsetting.

---

## § 12-13. Dør, port mv.

Endre 0,76 m til 0,90 m.

b)

Dør internt i boenhet skal ha fri breidde på minimum **0,90 m.**

c)

Dør internt i byggverk med krav om universell utforming skal ha fri breidde på minimum 0,9 m. Dør til bad i overnattingsrom som er unntatt fra krav til universell utforming etter § 12-7 syvende ledd, skal ha fri breidde på minimum **0,90 m.**

---